



Bremanger kommune

JournalpostID: 26/4311
Sakshandsamar: Hilde Jenssen
Midtbø
Dato: 27.03.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/26	Formannskapet	07.04.2026

Midlertidig endring av alkohollova sine avgjerse om maksimaltid for skjenking under fotball VM for herrar 2026

Vedlegg:

Høringsnotat - forslag om midlertidig endring av alkohollovens bestemmelse om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

1. Bremanger kommunestyre gjev dispensasjon frå alkoholpolitisk plan, og vedtek midlertidig utviding av skjenketider for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 inntil kl. 08.00, med samsvarande opningstider, i perioden 11.juni til 19. juli 2026.
2. Utviding gjeld berre for skjenkestadar med serveringsbevilling og som viser direktesende kampar under fotball-VM.
3. Skjenkinga gjeld ikkje for skjenking i uteareal.
4. Skjenkestaden skal syte føre tilstrekkeleg bemanning og vakthald.
5. Utvidinga er ikkje generell for alle skjenkestadane i kommunen, skjenkestadane som ønskjer utvida skjenke- og opningstid må søkje om dette.

Bakgrunn for saka:

Departementet har opna for at kommunestyret i perioden 11.juni til 19.juli 2026 kan fastsetje skjenketider for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 som avviker frå fjerde ledd i alkohollova.

Formannskapet 07.04.2026:

Handsaming:

Ordførar informerte i saka.

Medlemmane i formannskapet hadde ulike synspunkt på saka, både for og imot. Dei pressiserte at det var viktig å leggje saka ut på høyring før handsaming i i kommunestyret i mai.

FSK- 031/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak :

Saka vert lagt ut på høyring , før endeleg vedtak i kommunestyret i mai.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Alkohollova, alkoholforskrift og alkoholpolitisk plan.

Saksopplysningar:

Departementet har etter høyring opna for at kommunestyret, i perioden 11.juni til 19.juli 2026, kan fastsetje skjenketider for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 som avviker frå fjerde ledd i alkohollova. Ein kan fastsetje dette generelt for kommunen eller for den enkelte skjenkestad.

Avvikande skjenketid kan berre fastsetjast for skjenkestadar som viser direkte sende kampar i fotball-VM for herrar 2026 og for staden sine gjestar.

I den alkoholpolitiske planen, vedteken i kommunestyret den 12. september 2024, har ein sett maksimal skjenketid for alkoholhaldig drikk mellom kl 08.00-02.00 alle dagar. For avgrensa uteområde har ein sett skjenketida mellom 12.00-02.00.

Departementet har ikkje opna for utvida skjenking i gruppe 3 (brennevin).

Fotball-VM for herrar vert arrangert i USA, Canada og Mexico i perioden 11. juni til 19. juli 2026. Grunna tidsforskjell, vil nokre av kampane bli sendt på eit tidspunkt som går ut over alkohollova si maksimaltid for skjenking.

Det er venta stor merksemd om deltakinga i fotball-VM for herrar, det er 28 år sidan dei sist kvalifiserte seg til meisterskapen, og det vil truleg vere mange som vil sjå kampane saman på utestadar.

Dersom det skal vere mogeleg å skjenke alkohol medan kampane går føre seg, har regjeringa foreslått eit midlertidig unntak frå alkohollova si maksimaltid for skjenking. Det er kommunestyret som kan avgjere om Bremanger kommune skal gje unntak for maksimaltida. Skjenketida som går ut over lova sine maksimaltider, kan berre fastsetjast for skjenking av alkohol gruppe 1 og 2, i perioden 11.juni til 19.juli, og berre for skjenkestadar som viser kampane i fotball-VM 2026, og som har serveringsløyve etter serveringslova.

Det er alkohollova som regulerer skjenketider. I § 4-4 første ledd er det vist til ei normal-skjenketid som gjeld dersom kommunen ikkje har fastsett noko bestemt om skjenketid. Etter lova si normaltid kan skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 skje alle dagar mellom kl. 08.00 og 01.00.

I § 4-4 fjerde ledd er det fastsett maksimaltider for skjenking. Maksimaltidene inneber at det ikkje er høve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 mellom kl. 03.00 og kl. 06.00.

Bremanger kommunestyre har vedteke skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 til mellom 08.00-02.00 for alle dagar, dette er innanfor lova si maksimaltid.

Løyvehavar står fritt til å fastsetje si eiga skjenketid innanfor dei rammene som er gjeve i løyvevedtaket og etter lova.

Alkoholova §4-4 sjette ledd seier at konsum av utskjenka alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etter skjenketida sitt utløp. Løyvehavar er ansvarleg for at det ikkje vert konsumert alkoholhaldig drikk etter dette tidspunktet.

Det må vere ein føresetnad at løyvehavarane sørgjer for tilstrekkeleg bemanning og vakthald dersom dei skal ha utvida skjenketid.

Kommunestyret må ta stilling til om unntaket skal gjelde både innandørs og utandørs, om det skal gjelde berre Noreg sine nattkampar, eit avgrensa tal nattkampar eller alle nattkampane under VM.

Saka vert lagt ut på høyring før handsaming i kommunestyret. Såleis får både innbyggjarar og næringsliv uttale seg om saka før ein tek ei endeleg avgjerd i saka.

Vurdering:

Lova sitt formål med skjenketider er å avgrense forbruk av alkohol med dei samfunnsmessig og individuelle skadar som alkoholforbruk kan føre med seg. Når departementet likevel føreslår eit midlertidig unntak under fotball-VM, skuldast dette at det er ei ekstraordinær hending med ei avgrensa varigheit.

Unntaket er ikkje meint for å skape presedens for seinare høve, men ein kan helle ikkje utelukke at andre hendingar med same omfang, må handsamast på same måte.

For at ein skal ha oversikt over kor utvida skjenking skal gå føre seg, bør skjenkestadane sende særskild søknad om dette.

I tillegg må ein vurdere ulempene ved uteservering, då det kan medføre auka støy for dei som bur i områder rundt skjenkestadane.

Utvida skjenking kan også medføre auka tal uønskte hendingar i form av skadeverk og vald. Dette kan føre til at både politi og helsevesen må bemanne opp i perioden med utvida skjenking.

Ein vel likevel å tilrå utvida skjenking i perioden, då det er for ein kort periode og er eit særskilt høve.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Kostnad ved ekstrakontrollar frå eksternt kontrollseksjon.